

Saksbehandlar: Idar Sagen, Plan- og samfunnsavdelinga  
 Sak nr.: 15/13110-3

## Høyringsuttale til søknader om løyve til å bygge 12 småkraftverk og opprusting/utviding av tre kraftverk i Gloppen kommune

::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓

### Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Samla vurdering
  - A. Fylkeskommunen meiner at det samla landskapsrommet i Gloppen kommune er stort, men at det store talet utbygde og planlage kraftverk etter kvart vil påverke hovudinstrykket av fjord og fjell-landskapet. Gjennom avbøtande tiltak og ved å luke bort dei mest konflikt-fylte prosjekta sett i høve til landskap, friluftsliv og kulturminne, er det framleis rom for noko utbygging.
  - B. I tråd med nasjonale retningsliner er føresetnaden for å kunne gje løyve til kraftutbygging i verna vassdrag, at verneverdiane ikkje vert dårlegare, her under at vassdraget også etter ev. utbygging har ei variert og romsleg vassføring. Fylkeskommunen meiner at dette kravet er oppfylt for tiltaka i Traudalselva og Langedalselva i Ryggvassdraget. Prosjekta si utforming og lokalisering i midtre deler av det verna vassdraget vil ikkje komme i for stor konflikt med verneinteressene. Løyve til utbygging vert difor tilrådd.
  - C. Dei tre opprustings- og utvidingsprosjekta i Gloppeelva er moderate i storleik og utforming samanlikna med eksisterande anlegg. Fylkeskommunen ser positivt på at eldre anlegg som dette kan rustast opp og utvidast på ein skånsam måte i høve til landskap og brukarinteresser, slik at dei kan halde fram med å produsere fornybar energi.
  - D. For prosjekta i Ommedalstverrelva med Ommedalsfossen, Kaldeelva, Haugaelva og Kvitfella med Fossehylene (Rauset kraftverk) er ulempene i høve til kulturminne, landskap og brukarinteresser vurdert til å vere så store, at det bør seiast nei til desse, slik dei er framstilt i søknadene. Dei seks andre prosjekta vert tilrådd med mindre merknader.
  - E. Om og når løyve vert gitt, skal krav om undersøking i tråd med kulturminnelova § 9 settast som konsesjonsvilkår.
2. Solheim kraftverk

Fordelane ved tiltaket er vurdert til å vere større enn ulempene for allmenne og private interesser, og fylkeskommunen rår til at det vert gitt løyve. Det er ein føresetnad at den gamle demninga ved Solheimsvatnet og den gamle kraftstasjonen ved Storefjorden vert tekne vare på som kulturminne.
3. Haugaelva kraftverk

Fordelane ved tiltaket vert vurdert til å vere mindre enn ulempene for allmenne og private interesser, og fylkeskommunen rår frå at det vert gitt løyve. Det er lagt vekt på at bygging av kraftstasjon, veg og anleggsverksemd på Karineset vil gje stor fare for skjemming eller øydelegging av det automatisk freda kulturminnet her. Vurdert ut frå landskapsomsyn og fisk i elva er utbygginga også konfliktfylt.
4. Øyrane kraftverk

Fordelane ved tiltaket er vurdert til å vere større enn ulempene for allmenne og private interesser, og fylkeskommunen rår til at det vert gitt løyve. Ev. regulering av Røyrvikstøylsvatnet bør skje innafør naturleg vasstandsvariasjon (alternativ 2). Rørgata og vegen opp til inntaket bør i størst mogleg grad følgje same trase.
5. Røyrvik kraftverk

Fordelane ved tiltaket er vurdert til å vere større enn ulempene for allmenne og private interesser, og fylkeskommunen rår til at det vert gitt løyve.
6. Kaldeelva kraftverk

Fordelane ved tiltaket vert vurdert til å vere mindre enn ulempene for allmenne og private interesser, og fylkeskommunen rår frå at det vert gitt løyve. Det er lagt vekt på at kraft-

anlegget er planlagt i eit heilt urørt område og at den 2,4 km lange vegtilkomsten langs Skilbreivatnet vil bli eit stort og svært synleg inngrep i natur- og kulturlandskapet. Om det skulle bli gitt løyve til utbygging, må det baserast på retningsstyrt boring der transport av folk og utstyr kan skje ved hjelp av helikopter og båt på vatnet.

7. Ommedal kraftverk

Fordelane ved tiltaket vert vurdert til å vere mindre enn ulempene for allmenne og private interesser, og fylkeskommunen rår frå at det vert gitt løyve. Det er lagt særleg vekt på Ommedalsfossen som eit viktig landskapselement. Om det skulle bli gitt løyve, må mistevassføringa om sommaren aukast vesentleg.

8. Sesselva kraftverk

Fordelane ved tiltaket er vurdert til å vere større enn ulempene for allmenne og private interesser, og fylkeskommunen rår til at det vert gitt løyve.

9. Skorgeelva kraftverk.

Fordelane ved tiltaket er vurdert til å vere større enn ulempene for allmenne og private interesser, og fylkeskommunen rår til at det vert gitt løyve. Minstevassføringa om sommaren bør aukast. Kraftstasjonen bør plasserast nært opp til vegskråninga til FV 615 slik at avløpet kan gå tilbake til elva.

10. Rauset kraftverk

Fordelane ved tiltaket vert vurdert til å vere mindre enn ulempene for allmenne og private interesser, og fylkeskommunen rår frå at det vert gitt løyve. Det er lagt særleg vekt på at Kvitfella med Fossehylene er eit viktig landskapslement i fjordlandskap. Om det skulle bli gitt løyve til utbygging, må minstevassføringa om sommaren aukast vesentleg.

11. Kvitfella II kraftverk

Fordelane ved tiltaket er vurdert til å vere større enn ulempene for allmenne og private interesser, og fylkeskommunen rår til at det vert gitt løyve.

12. Traudalen kraftverk

Fordelane ved tiltaket er vurdert til å vere større enn ulempene for allmenne og private interesser, og fylkeskommunen rår til at det vert gitt løyve.

13. Langedalselva kraftverk

Fordelane ved tiltaket er vurdert til å vere større enn ulempene for allmenne og private interesser, og fylkeskommunen rår til at det vert gitt løyve. Minstevassføringa om sommaren bør aukast.

14. Trysilfossen, Eidsfossen og Ekebøfossen kraftverk

Fordelane ved tiltaka er vurdert til å vere større enn ulempene for allmenne og private interesser, og fylkeskommunen rår til at det vert gitt løyve.

**::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑**

**... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓**

Vedlegg:

1. Høyringsbrev frå NVE 12.12.2015.
2. Saksutgreiing for Solheim kraftverk
3. Saksutgreiing for Haugaelva kraftverk
4. Saksutgreiing for Øyrane kraftverk
5. Saksutgreiing for Rørvik kraftverk
6. Saksutgreiing for Kaldeelva kraftverk
7. Saksutgreiing for Ommedal kraftverk
8. Saksutgreiing for Sesselva kraftverk
9. Saksutgreiing for Skorgeelva kraftverk
10. Saksutgreiing for Rauset kraftverk
11. Saksutgreiing for Kvitfella kraftverk II
12. Saksutgreiing for Traudalen kraftverk
13. Saksutgreiing for Langedalselva kraftverk
14. Saksutgreiing for Trysilfossen, Eidsfossen og Ekebøfossen kraftverk
15. Uttale frå Gloppen kommune, Innstilling frå MULTEK-utvalet 09.02.2016. **Kommunestyret 22.02.2016.**


Andre dokument som ikkje ligg ved:

1. Søknader for 12 småkraftverk og tre opprustings- og utvidingsprosjekt.

## SAKSFRAMSTILLING

### 1. Kort omtale av dei 12 småkraftprosjekta og dei tre opprusting/utvidingsprosjekta det er søkt om løyve til

Frå NVE har fylkeskommunen 17.12.2015 fått til uttale søknader frå fleire søkjarar om å løyve til å bygge 12 småkraftverk og å ruste opp/utvide tre eksisterande kraftverk i Gloppen kommune. To av kraftverka er planlagt i Ryggvassdraget som er verna gjennom Verneplan IV for vassdrag. Det kan søkjast om løve til kraftverk med installert effekt under 1 MW i verna vassdrag. NVE ønskjer at høyringsinstansane vurderer kvar sak for seg, men også alle sakene samla. Frist for uttale er sett til 18.03.2016.



Prosjekt i Gloppen-pakken er vist som grønne firkantar med raud prikk. Utbygde kraftverk større eller lik 1 MW: røde firkantar. Utbygde kraftverk mindre enn 1 MW: blå firkantar. Prosjekt som har fått konsesjon: røde firkantar med svart prikk. Konsesjonsfrie: gule firkantar.

Solheim kraftverk vil nytte eit fall på 191 m i Storelva, frå inntak på kote 318 til kraftstasjon på kote 127. Solheimsvatnet er planlagt regulert med 1,5 m mellom kote 318 og 319,5. Vass-vegen med lengde ca. 1,4 km er planlagt som nedgravd/nedsprengt rørgate sør for elva. Det skal byggast permanent veg til inntaket, ca. 300 m, vidare ca. 300 m tilkomstveg til kraftstasjonen og 1,4 km anleggsveg langs rørgata. Middelvassføringa i elva er 410 l/s, og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 820 l/s, som er 200% av middelvassføringa. Installert effekt vil bli 1,2 MW og produksjonen er berekna til 3,74 GWh/år. Planlagt minstevassføring frå inntaket er 15 l/sek om sommaren og 10 l/sek resten av året. Utbyggingsprisen er berekna til 4,26 kr/kWh.

Haugaelva kraftverk vil nytte eit fall på 355 m i Haugaelva, frå inntak på kote 480 og kraftstasjon på kote 125 ved Storefjorden/Eimhjellevatnet. Rørgate med lengde 1,4 km er planlagt nedgravd/nedsprengt vest for elva. Det skal byggast anleggsveg langs rørgata. Middelvassføringa i elva er 374 l/s, og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 750 l/sek, som er 200% av middelvassføringa. Installert effekt vil bli 2,17 MW og produksjonen er berekna til 7,6 GWh/år. Utbygginga vil innebære redusert vassføring over ei 2,2 km lang elvestrekning. Det er planlagt å

sleppe ei minstevassføring frå inntaket på 46 l/sek om sommaren og 11 l/sek resten av året. Utbyggingsprisen er berekna til 3,26 kr/kWh.

Øyrane kraftverk vil nytte eit fall på 287 m i Nipeelva med inntak på kote 552 og kraftstasjon på kote 265. Rørvikstøylsvatnet er planlagt regulert 1 m mellom kote 551 og 552. Rørgate med lengde 1,9 km er planlagt nedgravd/nedsprengt vest for elva. Det skal byggast 2,4 km permanent veg til inntaket delvis langs rørgata og 60 m tilkomstveg til kraftstasjonen. Middelvassføringa i elva er 581 l/sek og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 1200 l/sek, dvs. 206 % av middelvassføringa. Installert effekt vil bli 2,75 MW og berekna produksjon er 11,6 GWh/år. Utbygginga vil innebære redusert vassføring for ei 2,4 km lang elvestrekning. Det er planlagt å sleppe ei minstevassføring frå inntaket på 40 l/s om sommaren og 36 l/sek resten av året. Utbyggingsprisen er berekna til 2,97 kr/kWh.

Rørvik kraftverk vil nytte eit fall på 70 m i Rørvikelva med inntak på kote 262 og kraftstasjon på kote 192. Det er søkt om å overføre Langevassgrova til inntaket i Rørvikelva. Vassveg med lengde 680 meter og ca. 480 meter overføring er planlagt som nedgravd rørgate. Det skal byggast permanent veg til begge inntaka og til kraftstasjonen, til saman 640 m. Middelvassføringa i begge elvane til saman er 1360 l/sek, og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 2460 l/sek, dvs. 180 % av middelvassføringa. Installert effekt vil bli 1,4 MW og berekna produksjon er 5,18 GWh/år. Utbygginga vil innebære redusert vassføring over til saman 860 meter elvestrekning. Det er planlagt å sleppe ei minstevassføring frå inntaket i Rørvikelva på 95 l/s om sommaren og 84 l/s resten av året. Utbyggingsprisen er berekna til 4,12 kr/kWh.

Kaldeelva kraftverk vil nytte eit fall på 476 m i Kaldeelva med inntak på kote 650 og kraftstasjon på kote 174. Vassvegen med lengde 1,6 km er planlagt som bora sjakt, tunnel og nedgravd rørgate nord for elva. Det skal byggast 2,4 km permanent skogsbilveg til kraftstasjonen. Middelvassføringa er 530 l/sek og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 1200 l/s, dvs. 226 % av middelvassføringa. Installert effekt vil bli 4,95 MW og berekna produksjon 15,3 GWh/år. Utbygginga vil innebære redusert vassføring over ei 1,35 km lang elvestrekning. Det er planlagt å sleppe minstevassføring frå inntaket på 85 l/s om sommaren og 20 l/s resten av året. Utbyggingsprisen er berekna til 3,29 kr/kWh.

Ommedal kraftverk vil nytte eit fall på 389 m i Ommedalstverrelva/Vesleelva med inntak på kote 437 og 430 og kraftstasjon på kote 41. Vassvegen med lengde 1,1 km er planlagt som bora sjakt, tunnel og nedgravd rørgate sør for elva. Det skal byggast permanent veg til inntaket i Vesleelva, ca. 300 meter og ca. 70 meter anleggsveg til påhogget for tunnelen. Middelvassføring i elvane er 880 l/s, og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 1990 l/s, dvs. 226 % av middelvassføringa. Installert effekt vil bli 6,5 MW og berekna produksjon er 18,9 GWh/år. Utbygginga vil innebære redusert vassføring over tilsaman 1,4 km elvestrekning. Det er planlagt å sleppe minstevassføring frå hovudinntaket i Vesleelva på 90 l/s om sommaren og 20 l/s resten av året. Utbyggingsprisen er berekna til 4,1 kr/kWh.

Sesselva kraftverk vil nytte eit fall på 432 m i Sesselva med inntak på kote 445 og kraftstasjon på kote 13. Vassvegen er planlagt som 920 meter bora sjakt/tunnel og 70 meter nedgravd rørgate. Det er planlagt opprusting av ein anleggsveg i eit steindeponi til påhogg for tunnel og 40 m permanent veg til kraftstasjonen. Middelvassføring i elva er 245 l/sek og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 735 l/sek, dvs. 300 % av middelvassføringa. Installert effekt vil bli 2,45 MW og det er berekna ein produksjon på 6,63 GWh/år. Det er planlagt minstevassføring på 12 l/s heile året. Utbyggingsprisen er berekna til 4,4 kr/kWh.

Skorgeelva kraftverk vil utnytte et fall på 406 meter i Skorgeelva med inntak på kote 410 og kraftstasjon på kote 4. Vassvegen med lengde 1,36 km er planlagt som nedgravd/nedsprengt rørgate på nordsida av elva. Det skal byggast 30 meter permanent veg til inntaket frå eksisterande stølsveg og avkjørsle til kraftstasjonen frå fylkesveg 615. Middelvassføringa er 317 l/sek, og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 872 l/sek, dvs. 275 % av middelvassføringa. Installert effekt vil bli 3,0 MW og berekna produksjon 7,05 GWh/år. Utbygginga vil innebære redusert vassføring for ei 1,6 km lang elvestrekning. Det er planlagt å sleppe ei minstevassføring frå inntaket på 16 l/sek heile året. Utbyggingsprisen er berekna til 4,10 kr/kWh.

Rauset kraftverk vil nytte eit fall på 265 meter med inntak i Kvitfella og Daudfosselva på kote 500 og kraftstasjonen på kote 235. Vassveg med lengde 1,65 km er planlagt som nedgravde rør. Det er planlagt å ruste opp stølsvegen til Rausetstøylen og å bygge ca. 210 m anleggsveg til dei to inntaka. Middelvassføringa i Kvitfella er 531 l/s og i Daudfosselva 110 l/s. Maksimal slukeevne er sett til 1,6 m<sup>3</sup>/sek., dvs. 250 % av samla midelvassføring. Installert effekt vil bli 3,455 MW og

berekna produksjon er 10,35 GWh/år. Det er planlagt en minstevassføring på 27 l/s i Kvitefella og 6 l/s i Daufosselva heile året. Utbyggingsprisen er berekna til 3,96 kr/kWh.

Kvitefella II kraftverk er basert på å nytte restvassføring frå inntaket til eksisterande Kvitefella kraftverk. Dette kraftverket vart bygt i 2004 med ein installasjon på 1,25 MW og årsproduksjon 5,67 GWh. Kvitefella II skal byggast som eit eige anlegg med kraftstasjon og rørgate, men skal ta vatn frå eksisterande inntaksdam. Brutto fallhøgde vil bli 185 meter med inntak på kote 235 og kraftstasjon på kote 50. Middelvassføring ved inntaket er berekna til i elva er 784 l/s og planlagt slukeevne på 800 l/s, dvs. 100 % av middelvassføringa. Installasjon i det nye kraftverket vil bli 1,25 MW og berekna produksjon 2,61 GWh/år. Rørgate med lengde 1,2 km er planlagt nedgravd på sørsida av elva. Planlagt minstevassføring frå inntaket er 38 l/sek heile året. Utbyggingsprisen er berekna til 5,36 kr/kWh.

Traudalen kraftverk vil nytte et fall på 229 m i Traudalselva med inntak på kote 312 og kraftstasjon på kote 83. Dette er ei elv i Ryggvassdraget som er verna mot kraftutbygging i Verneplan IV. Frå inntaket er vassvegen planlagt som nedgravde rør, 1,7 km, langs nordsida til elva. Eksisterande stølsveg skal rustast opp og brukast som tilkomst til inntaket. Til kraftstasjonen må det byggast 250 m ny veg. Middelvassføringa ved inntaket er 2,2 m<sup>3</sup>/sek. og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 550 l/sek, dvs. 25 % av middelvassføringa. Installert effekt vil bli ca. 1 MW og berekna årsproduksjon 7 GWh. Utbygginga vil innebere redusert vassføring over ei 1,8 km lang elvestrekning. Det er planlagt å sleppe ei minstevassføring på 500 l/sek om sommaren og 100 l/s resten av året. Utbyggingsprisen er berekna til 2,22 liter/sek.

Langedalselva kraftverk vil nytte eit fall på 283 meter med inntak på kote 375 og kraftstasjon på kote 92. Langedalselva er ei elv i Ryggvassdraget. Frå inntaket er vassvegen planlagt som nedgravde rør, ca. 2 km, langs østsida til elva. Det er planlagt 50 meter ny veg til både inntak og kraftstasjon. Middelvassføringa ved inntaket er 1,5 m<sup>3</sup>/s, og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 0,47 m<sup>3</sup>/sek, dvs. 30 % av middelvassføringa. Installert effekt vil bli ca. 1 MW og berekna årsproduksjon 6,3 GWh. Utbygginga vil innebere redusert vassføring over ei 2 km lang elvestrekning. Det er planlagt å sleppe ei minstevassføring på 50 l/sek heile året. Utbyggingsprisen er berekna til 3,35 kr/kWh.

#### Trysilfossen, Eidsfossen og Evebøfossen kraftverk

Gloppen kommune og SFE Produksjon AS ønskjer å ruste opp og utvide tre kraftverk i Gloppeelva. Kraftverka utnyttar i dag berre en liten del av vassføringa, og aktuelle prosjekt går ut på å fornye og utvide. Middelvassføringa i elva er 43,1 m<sup>3</sup>/s ved Trysilfossen kraftverk. Samla vil omsøkte tiltak innebere 4,2 MW i auka installasjon og ca. 22 GWh/år ny vasskraftproduksjon.

Trysilfossen kraftverk vart sett i drift i 1980. Inntaket er ved utløpet til Breimsvatnet og vatn vert ført gjennom ein ca. 100 m lang tunnel ned til kraftstasjonen med to aggregat, effekt ca. 3 MW. Årleg produksjon er ca. 17 GWh. Avløpet går direkte tilbake til elva. Kraftstasjonen er førebudd for installasjon av eit tredje aggregat. Eit hovudproblem med det noverande anlegget er at inntaket ikkje kan stengast. Dermed kan vassvegen ikkje tømmast for inspeksjon. Omsøkte tiltak går ut på å bygge nytt inntak på same stad som no og å installere eit nytt aggregat. Installert effekt vil auke til 4,6 MW og venta årlig produksjon vil auke med 5,6 GWh. Demninga står ca. 250 m nedstrøms inntaket, og skal ikkje endrast. Ei fisketrapp som ikkje vore i bruk på mange år, vert vurdert fjerna. 62% av det totale vasstilsaget vil bli nytta til kraftproduksjon.

Eidsfossen kraftverk er utbygd i fleire omgangar i perioden 1917 - 1968. Vatnet vert ført gjennom tre trykkrør i dagen til kraftstasjonen. Her er det fire aggregat med samla installert effekt ca. 6,7 MW. Årsproduksjon ca. 45 GWh. Avløpet frå kraftstasjonen renn direkte tilbake til elva. Frå foten av fossen går det ei fisketrapp opp bak stasjonen og vidare opp til inntaket. På grunn av store lekkasjar og fare for skade på stasjonen, vart fisketrappa stengt i 2014. Elveigarlaget ønskjer strakstiltak for å ruste opp trappa. Aktuelle tiltak no går i hovudsak ut på å skifte ut dei tre aggregata som står i den eldste delen av kraftstasjonen, eitt av trykkrøra og å bygge om inntaksarrangementet. Samla effekt vil auke til 8,9 MW og venta årlig produksjon vil auke med 12,8 GWh. 60% av det totale tilsiget vil bli nytta til kraftproduksjon. Her er ikkje krav om minstevassføring i dag. Det vert no lagt opp til å sleppe minstevassføring 7,5 m<sup>3</sup>/sek i perioden 1. mai -31. august. I tillegg er det foreslått å sleppe 0,5 m<sup>3</sup>/sek i fisketrappa i perioden 15. juni-30. sept.


Evebøfossen kraftverk vart sett i drift i 1910. Vatnet vert teke inn i eit inntak på sørsida av elva og kraftstasjonen står vegg i vegg med inntaket. Installert effekt er ca. 0,4 MW og årsproduksjon ca. 2,4 GWh. På begge sider av elveløpet går det fisketrappar, tre på nordsida og ei på sørsida. Opprusting og utviding av anlegget tek utgangspunkt i at det gamle anlegget må rivast og erstattast med eit nytt. Nye anleggsdeler vert plassert som i dag. Den nye dammen skal oppførast i farga betong for å tone ned det visuelle inntrykket, ca. 45 meter lang og ca. 1,5 meter høg. Nivå

for inntak og utløp vert som i dag. Slukeevna vert auka frå 7 til 14 m<sup>3</sup>/sek og installert effekt vert 0,8 MW. Venta produksjon vert 5,8 GWh. Den nye kraftstasjonen vil nytte 28,5% av det samla tilsiget i elva til kraftproduksjon. To fisketrappar på nordsida av elva og ei på sørsida skal vidareførast. Det er ikkje krav til minstevassføring i eksisterande kraftverk, og det er ikkje lagt opp til å slette minstevassføring i det nye prosjektet.


## **2. Bakgrunn for saka**

### Vern etter naturmangfaldlova.

Landskapsvernområde (LVO), lys grøn skravur: Naustdal-Gjengedal LVO midt på kartet. Ålfotbreen LVO i vest. Viktige naturområde i Sogn og Fj., mørk grøn farge: Rørvikvatnet (hekkeplass for våt-marksfugl, overvintringsplass for sangsvane) og myrområde øst for Øyravatnet. Kraftstasjonen til Øyrane kraftverk vil komme nær myrområdet, men ikkje innafør. Gimmestad-Rygg (randmorene, marin avsetning, ravinelandskap). Aktuelle tiltak er ikkje i konflikt med desse naturområda.



### Verneplan for vassdrag.



Kartet over er henta frå NVE Atlas. Verneområde er markert med blå strek: Ryggelva ved Gloppefjorden, Solheimsvassdraget lengst vest og Nausta i sør. Aktuelle prosjekt er markert med raude symbol. I tillegg er det vist prosjekta Gjengedal kraftverk og Bredvatn kraftverk i Bremanger. Eksisterande vasskraftanlegg i området er også vist.

Frå NVE si nettside om Verneplan for vassdrag, 987/1 Ryggelva:

.....  
 Ryggelva er et lite vassdrag som har utløp på sørsiden av Gloppefjorden rett vest for Sandane. De to hoveddalene har bratte fjellsider og flat bunn. Begge dalgrenene har terskler, traug og bratte u-formete tverrprofiler. Typisk er også flere større og mindre botner, for eksempel Bredalden og hengende daler som Langedalen. I fjellheimen er det flere endemorener som vitner om lokal glasiasjon i slutten av siste istid. På Rygg ligger en stor morenerygg som for det meste er begravd av finkornete, marine sedimenter. Denne har styrt Ryggelvas løp i nedre deler. Det er dannet terrasser opp til marin grense. Ved Vetleelva finnes rester etter elleve kvernhus og en sag. Stølsgrøndene har sju til tretten støler med et stort antall sel og fjøs. Flere av dem er svært godt bevarte miljøer. Ved utløpsosene til Langedalsvatn og Traudalsvatn finnes to store naustanlegg. De ble brukt ved transport til og fra stølene og viser sammen med stølene hvilken stor betydning utmarka har hatt. Vassdraget er vernet fordi det utgjør en viktig del av et landskap med særpregete og varierte landformer og verdifulle kulturminner. Friluftsliv er vanlig. Vassdraget ble også vurdert å ha verdi som type- og referansevassdrag.

Frå NVE sitt fakta-ark om kraftutbygging i verna vassdrag. (nr. 4 2008):

Stortinget vedtok i februar 2005 at det i verna vassdrag kan gjevast løyve til bygging av mini og mikrokraftverk, det vil seie kraftverk med effekt på mindre enn 1 MW (3 MW i Bjerkreimsvassdraget). Vassressurslova gjev likevel klare avgrensingar for kraftutbygging i dei verna vassdraga. Føresetnaden for å gje løyve er at verneverdiane ikkje vert dårlegare. NVE kan avslå søknader utan ytterlegare handsaming av omsyn til verneverdiane. Ein føresetnad for løyve vil normalt vere at vassdraget også etter utbygging har ei variert og romsleg vassføring.

### Samla plan for vassdrag

Samla plan i St. meld. Nr. 63(1984-85) er det m.a. sett på to alternativ til utnytting av fallet frå Røyrvikstølsvatnet med vatnet som reguleringsmagasin, 8 meter regulering. Kraftstasjon ved Røyrvikvatnet (14 GWh) og kraftstasjon ved Ommedalsvatnet (21 GWh). Det er også sett på eit prosjekt i Gjengedalselva med m.a. overføring av vatn frå Ommedals-tverrelva og Vesleelva via greintunnelar og sjakter og med kraftstasjon i fjell ved Ommedalstverrelva (131 -215 GWh)

### Vassforskrifta

Hovudmålet med Vassforskrifta er god økologisk tilstand og kjemisk tilstand i alle vassførekomstar. I vassdrag med moderat eller dårlig tilstand vert det foreslått avbøtande tiltak

for å nå mål om god tilstand. Ein tiltaksanalyse frå kvart vassområde i Sogn og Fjordane vil utgjere grunnlaget for forvaltningsplanen med eit tilhøyrande tiltaksprogram. «Regional plan for vassforvaltning for Sogn og Fjordane vassregion» med tiltaksprogram, vart vedteken i fylkestinget 08.12.2015. Gjennomføring skal skje i perioden 2016 – 2021.

Sitat frå søknaden ang. tre opprustings- og utvidingsprosjekt i Gloppeelva, side 40:

EUs vanddirektiv

Gloppeelva ligger i Sogn og Fjordane vannregion, vannområde Nordfjord. I vann-nett er Gloppeelva vurdert til å ha dårlig økologisk tilstand, men oppnår god kjemisk tilstand. Den økologiske tilstanden skyldes at tilstanden for anadrom fisk er dårlig (lakseregisteret). Under risikovurdering er nye tiltak nødvendig for å oppnå god miljøtilstand i Gloppeelva. Fysiske faktorer som påvirker tilstanden er vannføringsendringer og vannkraftregulering, og at elvas naturlige løp er endret gjennom forbygging og flomverk. Mangelen på minstevannføring mellom 1. oktober og 1. mai er også nevnt som grunnlag for vurderingene. Med bakgrunn i vannkraftregulering er elva foreslått som kandidat til en «sterkt modifisert vannforekomst». I foreliggende høringsutkast til vannforvaltningsplan for vannregion Sogn og Fjordane, har elva fått miljømålet «godt økologisk potensial» med måloppnåelse innen 2021. I NVE og Miljødirektoratets rapport 49/2013 «Vannkraftkonsesjoner som revideres innen 2022» er Breimsvassdraget gitt lavest prioritet 2.2 (ikke prioritert) for vilkårsrevisjon.

### Fylkesdelplan for arealbruk (år 2000)

Friluftsområde med nasjonal og regional verdi er markert med grøn skravur (jf. kartet under). Ingen av dei 15 prosjekta i Gloppen-pakken er i konflikt med desse områda.



### Regional plan med tema knytt til vasskraftutbygging. Delområde Gloppen og Stryn og delområde Flora - Bremanger

Den regionale planen som vart vedteken i fylkestinget i 2012, har retningslinjer for ulike arealinteresser, m.a. for landskap og friluftsliv. Til arealinteressene er det gitt prioritet etter ein tredelt skala, dvs. prioritet 1-3:

#### **1. prioritet:**

*Interesser av eineståande verdi. Inngrep som vil innebere bortfall eller vesentleg reduksjon i slike arealinteresser, skal unngåast. "Føre-var-prinsippet" skal leggest til grunn.*

#### **2. prioritet:**

*Interesser av svært stor verdi. Føresetnader for positiv tilråding skal vere at søknadsmaterialet kan dokumentere stor verdiskaping og/eller at verdien til aktuelle arealinteresser kan oppretthaldast etter utbygging.*

#### **3. prioritet:**



*Interesser av stor verdi. Føresetnader for positiv tilråding skal vere at søknadsmaterialet kan dokumentere at utforming av kraftverket, og avbøtande tiltak, i stort monn reduserer eventuelle konflikter i høve til aktuelle arealinteresser.*

I planen er det definert og markert fjordlandskap i heile fylket: fjordar og innsjøar større enn 7 km<sup>2</sup>. Tiltaksområda for prosjekta ved Gloppefjorden og Hyenfjorden ligg alle i fjordlandskap. Områda rundt Storfjorden/Eimhjellevatnet er definert som fjordlandskap. Tiltaksområda for Solheim og Haugaelva kraftverk ligg dermed også i fjordlandskap. I planen er det ikkje gitt retningslinjer for fjordlandskap åleine.

I delområde Gloppen og Stryn er det markert 31 fossar/stryk som er eller har vore viktige landskapselement. Ommedalsfossen/Tverrelva i Hyen, Kvitfella med Fosshyllene ved Gloppefjorden og Eidsfossen og Ebebøfossen i Gloppeelva er mellom desse. I tråd med retningslinjene i planen får Kvitfella og Gloppeelva med Eidsfossen og Ebebøfossen 2. prioritet og Ommedalsfossen/Tverrelva 3. prioritet. Ommedal kraftverk, Rauset kraftverk og opprusting/utviding av Eidsfossen og Ebebøfossen kraftverk er vurdert i forhold til dette regelverket i dei respektive saksutgreiingane.

I verna område (Ryggelva, Verneplan for vassdrag) er det ikkje markert arealinteresser.

Prosjekta Solheim, Haugaelva, Røyrvik og Øyrane kraftverk ligg i delområde Flora-Bremanger. Her er det markert 15 fossar/stryk som viktige landskapselement. Tiltaksområda for dei fire aktuelle prosjekta er ikkje mellom desse.

### **3. Søkjarane sine vurderingar av samla verknadar/sumverknader**

I alle søknadene er det vurdert moglege sumverknader av kvar enkelt utbygging sett i høve til kraftverk som er utbygde, kraftverk som har fått konsesjon og nye, prosjekt det er søkt om i området. Desse vurderingane er omtalt/sitert i saksutgreiingane til prosjekta som følgjer saka. Ingen av søkjarane har konkludert slik at det aktuelle prosjektet eller andre det er søkt om, bør leggest til sides eller avslåast på grunn av sumverknader.

### **4. Andre sitt syn på søknadene**

Gloppen kommunestyre vedtok 22.02.2016 følgande:

#### Solheim kraftverk

*Gloppen kommunestyre kan ikkje sjå at tiltaket truar viktige naturverdiar eller er i strid med andre interesser og har ikkje innvendingar mot at det vert gjeve konsesjon for bygging av Solheim kraftverk. Solheim kraftverk er det einaste nye kraftverket i Hyen som ikkje er avhengig av ny kraftline frå Gjengedal.*

#### Haugaelva kraftverk

*Gloppen kommunestyre meiner omsøkt utbygging av Haugaelva i Eimhjellen har negative konsekvensar på opplevingsverdien av vassdraget, men at plasseringa er slik at dette likevel kan akseptast. Kommunestyret har difor ikkje avgjerande merknader til søknaden.*

#### Øyrane kraftverk

*Gloppen kommunestyre viser til rådmannen si saksutgreiing, men vurderer fordelane med tiltaket som klart større enn ulempene. Utbygginga vil framskaffe energi til ein svært konkurransedyktig pris og det lokale landbruket vil ha stor nytteverdi av dei planlagde transportanlegga. Ei monaleg strekning av Nipeelva vil renne urørt sjølv etter utbygging av Øyrane kraftverk. Kommunestyret viser også til ei tidlegare positiv innstilling til ny 132kV-linje gjennom området. Kommunestyret vil likevel be om at det vert gjeve konsesjon i tråd med alternativ 2; regulering av Røyrvikstøylsvatnet innafor naturleg vasstand.*

#### Røyrvik kraftverk

*Gloppen kommunestyre viser til rådmannen si utgreiing. Sjølv om det er kvalitetar i Røyrvikelva knytt til biologisk mangfald som vil kunne bli rørt av redusert vassføring i elva, er tiltaksområdet såpass påverka at ei utbygging kan akseptast. Kommunestyret rår til at det vert gjeve konsesjon og legg til grunn at det i konsesjonsvilkåra vert kravd minstevassføring i*

Langevassgrova. Kommunestyret viser også til ei tidlegare positiv innstilling til ny 132kV-linje gjennom området.

#### Kaldeelva kraftverk

Utbygging av Kaldeelva kraftverk som omsøkt har negativ effekt på natur- og opplevelsesverdiane i området. Flytting av kraftstasjonen slik at Straumsbotnen vert meir skjerma burde vore eit utgreidd alternativ. Med dette som bakgrunn vil kommunestyret gå mot søknaden slik den no ligg føre.

#### Ommedal kraftverk

Gloppen kommunestyre viser til rådmannen si tilråding. Kommunestyret finn at fordelane ved utbygging er større enn ulempe og at søknaden av den grunn må innvilgast, men forutset at det vert stilt krav om minstevassføring i Tverrelva.

#### Sesselva kraftverk

Gloppen kommunestyre meiner planlagt utbygging av Sessaelva kraftverk er lite konfliktfylt, men stiller spørsmål ved økonomien i utbyggingsplanane, og om ein i søknaden har teke tilstrekkeleg omsyn til naturfare.

#### Skorgeelva kraftverk

Gloppen kommunestyre har ikkje innvendingar mot at det vert gjeve konsesjon for bygging av Skorgeelva kraftverk, men vil peike på dei utfordringane som lokalisering av kraftstasjon med nærleik og kryssing av fylkesvegen og kraftlina som går like over området. Sjølv om elva i nedre deler er påstått forureina, vil ikkje forureininga vare evig og flytting av kraftstasjonen oppstraums vil føre avløpsvatnet tilbake til utløpsosen.

#### Rauset kraftverk

Gloppen kommunestyre viser til saksutgreiinga og meiner utbygginga av Rauset kraftverk i for stor grad er i konflikt med landskapsverdiane i samband med Fossehylene til at det bør bli gitt konsesjon.

#### Kvitfella II kraftverk

Gloppen kommunestyre viser til rådmannen si saksutgreiing, og stiller seg bak vurderingane. Kommunestyret har ikkje vesentlege innvendingar mot søknaden utanom at kraftutbyttet er svært lågt og at utbyggingsprisen difor er svært høg.

#### Traudalen kraftverk

Gloppen kommunestyret har ikkje innvendingar mot at det vert gjeve konsesjon for bygging av Traudalen kraftverk.

#### Langedalselva kraftverk

Gloppen kommunestyret har ikkje innvendingar mot at det vert gjeve konsesjon for bygging av Langedalselva kraftverk.

## **5. Fylkesrådmannen sine vurderingar og konklusjonar i saksutgreiing-ane for dei 12 småkraftprosjekta og dei tre opprusting/utvidings-prosjekta**

Fylkesrådmannen har vurdert prosjekta kvar for seg, jf. saksutgreiingar som er vedlagt.

#### Solheim kraftverk

Fylkesrådmannen vurderer at tiltaket vil innebere moderate ulemper i høve til kulturminne, landskap og brukarinteresser, og vil rå til at det vert gitt løyve. Det er ein føresetnad at den gamle demninga ved Solheimsvatnet og den gamle kraftstasjonen ved Storefjorden vert tekne vare på som kulturminne. Krav om undersøking i tråd med kulturminnelova § 9 skal settast som konsesjonsvilkår.

#### Haugaelva kraftverk

Bygging av kraftstasjon, veg og anleggsverksemd på Karineset vil medføre stor fare for skjemming eller øydelegging av det automatisk freda kulturminnet her. Vurdert ut frå landskaps-omsyn og fisk i elva er den omsøkte utbygginga også konfliktfylt. Fylkesrådmannen vil difor rå i frå at det vert gitt løyve i tråd med søknaden.

Øyrane kraftverk

Fylkesrådmannen vurderer at tiltaket vil innebære moderate ulemper i høve til kulturminne, landskap og brukarinteresser, og vil rå til at det vert gitt løyve. Ev. regulering av Røyrvikstøylsvatnet bør skje innafor naturleg vasstandsvariasjon (alternativ 2). Rørgata og vegen opp til inntaket bør i størst mogeleg grad følgje same trase. Krav om undersøking i tråd med kulturminnelova § 9 skal settast som konsesjonsvilkår.

Røyrvik kraftverk

Fylkesrådmannen vurderer at tiltaket vil innebære små ulemper i høve til kulturminne, landskap og brukarinteresser, og vil rå til at det vert gitt løyve. Krav om undersøking i tråd med kulturminnelova § 9 skal settast som konsesjonsvilkår.

Kaldeelva kraftverk

Fylkesrådmannen meiner at det ikkje bør gjevast løyve til det omsøkte tiltaket. Her er det lagt vekt på at sjølve kraftanlegget er planlagt i eit heilt urørt område og at den 2,4 km lange vegtilkomsten langs Skilbreivatnet vil bli eit stort og svært synleg inngrep i natur- og kulturlandskapet. Om det skulle bli gitt løyve til utbygging, så må det baserast på retningsstyrt boring der transport av folk og utstyr kan skje ved hjelp av helikopter og båt på vatnet. Krav om undersøking i tråd med kulturminnelova § 9 skal settast som konsesjonsvilkår.

Ommedal kraftverk

Fylkesrådmannen vurderer at tiltaket slik det er omsøkt vil innebære for store ulemper i høve til landskap, brukarinteresser og kulturminne/kulturlandskap, og vil rå frå at det vert gitt løyve. Det er her lagt særleg vekt på Ommedalsfossen som eit viktig landskapselement. Om det skulle bli gitt løyve, så meiner fylkesrådmannen at mistevassføringa om sommaren må aukast vesentleg, helst til 200 til 250 liter/sek. Krav om undersøking i tråd med kulturminnelova § 9 skal settast som konsesjonsvilkår.

Sesselva kraftverk

Fylkesrådmannen vurderer at tiltaket vil innebære små ulemper i høve til kulturminne, landskap og brukarinteresser, og vil rå til at det vert gitt løyve. Krav om undersøking i tråd med kulturminnelova § 9 skal settast som konsesjonsvilkår.

Skorgeelva kraftverk.

Fylkesrådmannen vurderer at tiltaket vil innebære små til moderate ulemper i høve til kulturminne, landskap og brukarinteresser, og vil rå til at det vert gitt løyve. Minstevassføringa bør aukast til minst 5-persentil om sommaren. Av søknaden går det ikkje klart fram om avløpet frå kraftstasjonen skal gå direkte til fjorden eller tilbake til elva. Fylkesrådmannen meiner at kraftstasjonen bør plasserast nært opp til vegskråninga og at avløpet går tilbake til elva. Krav om undersøking i tråd med kulturminnelova § 9 skal settast som konsesjonsvilkår.

Rauset kraftverk

Fylkesrådmannen vurderer at tiltaket vil innebære for store ulemper i høve til landskap og brukarinteresser, og vil rå frå at det vert gitt løyve. Her er det lagt vekt på at Kvitfella med Fossehyllene er eit viktig landskapselement i fjordlandskap. Ved ei eventuell utbygging må minstevassføringa aukast vesentleg utover det som er foreslått for å bøte på desse ulempene. Krav om undersøking i tråd med kulturminnelova § 9 skal settast som konsesjonsvilkår.

Kvitfella II kraftverk

Fylkesrådmannen vurderer at tiltaket vil innebære små ulemper i høve til kulturminne, landskap og brukarinteresser, og vil rå til at det vert gitt løyve. Krav om undersøking i tråd med kulturminnelova § 9 skal settast som konsesjonsvilkår.

Traudalen kraftverk

Fylkesrådmannen vurderer at tiltaket vil innebære små ulemper i høve til kulturminne, landskap og brukarinteresser, og vil rå til at det vert gitt løyve i tråd med alternativ 1. Krav om undersøking i tråd med kulturminnelova § 9 skal settast som konsesjonsvilkår.

Langedalselva kraftverk

Fylkesrådmannen vurderer at tiltaket vil innebære små til moderate ulemper i høve til kulturminne, landskap og brukarinteresser, og vil rå til at det vert gitt løyve. Fylkesrådmannen meiner at minstevassføringa om sommaren bør aukast frå 50 liter/sek til minst 100 liter/sek. Krav om undersøking i tråd med kulturminnelova § 9 skal settast som konsesjonsvilkår.

### Trysilfossen, Eidsfossen og Evebøfossen kraftverk

Fylkesrådmannen vurderer at tiltaka vil innebere små ulemper i høve til kulturminne, landskap og brukarinteresser, og vil rå til at det vert gitt løyve. Krav om undersøking i tråd med kulturminnelova § 9 skal settast som konsesjonsvilkår.

## **6. Fylkesrådmannen si vurdering av samla verknader/sumverknader**

### Vassforskrifta

Aktuelle tiltak bør ikkje svekke den økologiske tilstanden i vassførekomsten. Dersom tilstanden likevel vert svekka, må vilkåra i vassforskrifta §12 følgjast opp. NVE må varsle Sogn og Fjordane fylkeskommune om bruk av § 12. Tiltaket må ikkje vere til hinder for å nå miljømålet for vassførekomsten jf. Regional plan for vassforvaltning.

### Kulturminne, landskap og friluftsliv/brukarinteresser

Fylkesrådmannen meiner at det samla landskapsrommet i Gloppen kommune er stort, men at det store talet utbygde og planlagde kraftverk etter kvart vil påvirke hovudinstrykket av fjord og fjell-landskapet. Gjennom avbøtande tiltak og ved å luke bort dei dårlegaste prosjekta sett i høve til landskap, friluftsliv og kulturminne, er det framleis rom for noko utbygging.

I tråd med nasjonale retningslinjer er føresetnaden for å kunne gje løyve til kraftutbygging i verna vassdrag, at verneverdiane ikkje vert dårlegare, her under at vassdraget også etter ev. utbygging har ei variert og romsleg vassføring. Fylkesrådmannen meiner at dette er oppfylt for dei omsøkte prosjekta i Traudalselva og Langedalselva i Ryggvassdraget. Dei to prosjekta er lokalisert i midtre deler av vassdraget der det frå før er stølsveggar og skogbruksaktivitet med skogsveggar. Breidalselva minikraftverk er under utbygging i Breidalselva, som er ei sideelv til Langedalselva. Med tanke på friluftsliv og landskap vurderer fylkesrådmannen desse områda til å vere noko mindre viktige enn dei høgareliggande områda. Løyve til utbygging vert difor tilrådd.

Dei tre opprustings- og utvidingsprosjekta i Gloppeelva er moderate i storleik og utforming samanlikna med eksisterande anlegg. Det vil gå noko meir vatn gjennom dei tre kraftverka og dermed nok mindre via dei tre fossane, men endringane er ikkje så store at dei vil virke vesentleg inn på desse som landskapselement. Fylkesrådmannen ser positivt på at eldre anlegg som dette kan opprustast og utvidast på ein skånsam måte i høve til landskap og brukarinteresser, slik at dei kan halde fram med å produsere fornybar energi.

For prosjekta i Ommedalstverrelva med Ommedalsfossen, Kaldeleva, Haugaelva og Kvitfella med Fossehyllene vurderer fylkesrådmannen ulempene i høve til landskap, kulturminne og brukarinteresser til å vere så store, at det bør seiast nei til desse slik dei er framstilt i søknadene.

Dei seks andre prosjekta vert tilrådd med mindre merknader. Om og når løyve vert gitt, skal krav om undersøking i tråd med kulturminnelova § 9 settast som konsesjonsvilkår.

### Økonomiske tilhøve

Det er opp til den enkelte søkjaren å vurdere framtidig lønsemd knytt til sitt prosjekt. Det er mange faktorar som påverkar resultatet over kraftveret si levetid. Ein indikator på om eit prosjekt er dyrt eller billeg å bygge ut, er utbyggingsprisen = utbyggingskostnad / årleg middel-produksjon i kr/kWh. Gjennomsnittleg utbyggingspris for alle sakene som fylkeskommunen hadde til handsaming i 2014 og 2015 var 3,73 kr/kWh. Nedanfor er det sett opp ein tabell som viser tal henta frå dei 13 søknadene i Gloppen (15 prosjekt). Seks av prosjekta har utbyggingspris under det som har vore gjennomsnittet dei to siste åra.

<b>Kraftverk</b>	<b>Søklar</b>	<b>GWh</b>	<b>Utb. kostnad i mill. kr</b>	<b>Utbyggingspris i kr/kWh</b>
Solheim	Solheim kraftverk AS	3,74	16,0	4,26
Haugaelva	NGK Utbygging AS	7,6	24,8	3,26
Øyrane	Røyrvik kraft SUS	11,6	34,5	2,97
Røyrvik	Røyrvik kraft SUS	5,18	21,4	4,12
Kaldeelva	Småkraft AS	15,3	50,0	3,29
Ommedal	SFE Produksjon AS	18,9	78,0	4,1
Sesselva	Torill Solheim Holme	6,63	29,1	4,4
Skorgeelva	Skorgeelva Kraft AS	7,05	28,8	4,1
Rauset	Rauset kraft AS	10,35	41,0	3,96

Kvitfella II	Kvitfella kraftverk AS	2,61	14,0	5,36
Traudalen	Traudalen Kraftverk AS	7,0	15,5	2,22
Langedalselva	Moane Kraft AS	6,3	21,1	3,35
Trysilfossen *	SFE Produksjon AS	5,6	22,2	4,0
Eidsfossen *	SFE Produksjon AS	12,8	54,2	4,2
Evebøfossen *	SFE Produksjon AS	5,8	28,3	4,9
Sum		126,46	478,9	3,89**

\*Opprusting/utviding. Tala gjeld ny produksjon.

\*\*Gjennomsnitt er basert på utbyggingspris for kvart enkelt prosjekt

## **7. Konklusjon**

Fylkesrådmannen meiner at det samla landskapsrommet i Gloppen kommune er stort, men at det store talet utbygde og planlage kraftverk etter kvart vil påvirke hovudintrykket av fjord og fjell-landskapet. Gjennom avbøtande tiltak og ved å luke bort dei dårlegaste prosjekta sett i høve til landskap, friluftsliv og kulturminne er det framleis rom for noko utbygging.

I tråd med nasjonale retningslinjer er føresetnaden for å kunne gje løyve til kraftutbygging i verna vassdrag, at verneverdiane ikkje vert dårlegare, her under at vassdraget også etter ev. utbygging har ei variert og romsleg vassføring. Fylkesrådmannen meiner at dette er oppfylt for dei omsøkte prosjekta i Traudalselva og Langedalselva i Ryggvassdraget. Prosjekta si utforming og lokalisering i midtre deler av det verna vassdraget vil etter fylkesrådmannen si vurdering, ikkje komme i for stor konflikt med verneinteressene. Løyve til utbygging vert difor tilrådd.

Dei tre opprustings- og utvidingsprosjekta i Gloppeelva er moderate i storleik og utforming samanlikna med eksisterande anlegg, og fylkesrådmenn ser positivt på at eldre anlegg som dette kan opprustast og utvidast på ein skånsam måte i høve til landskap og brukarinteresser, slik at dei kan halde fram med å produsere fornybar energi.

For prosjekta i Ommedalstverrelva med Ommedalsfossen, Kaldeleva, Haugaelva og Kvitfella med Fossehyllene vurderer fylkesrådmannen ulempene i høve til landskap, kulturminne og brukarinteresser til å vere så store, at det bør seiast nei til desse, slik dei er framstilt i søknadene. Dei seks andre prosjekta vert tilrådd med mindre merknader.

Om og når løyve vert gitt, skal krav om undersøking i tråd med kulturminnelova § 9 settast som konsesjonsvilkår.

[... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑](#)